

**Referat frå møte i arbeidsgruppe for planprogram- kompetanse og arbeidskraft,
19.februar 2015**

Tilstade: Bård Sandal, Kristian Arnesen, Elise Dåvøy, Frode Nergaard Fjelstad, Anne Hjermann, Adeline B. Landro, Ingvild Greve, Marit Rødseth, Kathrin Jakobsen, Morten Myksvoll, Per Willy Mørk Karlsen, Svein Erik Røskeland, Vidar Kjøraas, Sonja Dyrkorn, Agnetha Wiborg

Ikkje tilstade: Kjell Magnar Helland, Heidi Bjønnes Larsen

Dagsorden

1. Referat frå 1.møte og frå innspelsmøtet 30. januar.
2. Gjennomgang av referat frå styringsgruppa som grunnlag for vidare diskusjon
3. Diskusjon av plantema; Kva er utfordringane, kva skal vere tema for planen, kva utgreiingar er det behov for, og kva ønskjer vi å oppnå?
4. Framdriftsplan med ny dato for neste møte
5. Eventuelt

Referat:

1. Referat frå 1. arbeidsgruppemøte blei godkjent og referat frå innspelsmøtet blei kort kommentert.

2. Referat frå styringsgruppa blei presentert.

3. Diskusjon av plantema:

Presentasjon av plantema med bakgrunn i innspel frå styringsgruppa (Presentasjon vedlagt). Det kom ikkje forslag om nye overskrifter eller inndeling av tema.

Plantema 1 Dimensjonering

- Vanskeleg å få påliteleg kunnskap om arbeidslivet sine behov og faktisk etterspurnad etter arbeidskraft. Må forsøke å finne ein måte å få mest mogeleg påliteleg informasjon.
- Dimensjonering mellom yrkesfag og studiespesialierande - offentleg sektor er ikkje aleine som tilbyder av vidaregåande opplæring
- Må finne ein balanse mellom elevanes/studentanes ønskjer og arbeidslivet sine behov og at elevene skal få fullføre sin utdanning og få relevant arbeid etterpå i dimensjonering av vidaregåande opplæring særleg når det gjeld fagopplæring og lærlingeplassar. Problematisk at kostnadene spiller ein rolle for oppretting av opplæringstilbod.
- Vaksne fortrenger ikkje dei unge innan fagopplæring
- Utfordring med å gjere yrkesfaga meir attraktive og gi informasjon om ulike fag
- Arbeidslivet får ikkje den kompetansen det etterspør, særleg NHO-bedrifter
- Endringar i etterspurnad skjer fort, men det er tregheit i tilpassing i utdanningstilbod. Derfor er det viktig med basisutdanninger og byggje på med spesialisering etter kvart. Behov for kommunikasjon med arbeidslivet om dette.
- Fagskolene spiller ein sentral rolle ved å gje fleksible utdanningstilbod tilpassa lokala behov. NOU om forslag til endringar i organisering/styring av Fagskolane
- Det er endringar på gang når det gjeld ordningar for dimensjonering av høgare utdanning

- Kandidatar med masterutdanning blir i stor grad absorbert i arbeidsmarknaden, men det er en viss overutdanning av blant anna samfunnsvitarar og humanister (NIFUs kandidatundersøking)
- Geografisk dimensjonering på vidaregåande nivå - politisk betent, men samstundes er det mange desentraliserte tilbod t.d. på vidaregåande nivå HiB, Fagskolar
- Fleire yrkesretta bachelorutdanningar på Universitetet? Må passe på at utdanningane ikkje blir for like, må passe balansen.

Plantema 2 Endring og omstilling – nye krav til kompetanse

- Korleis identifisere framtidig kompetansebehov?
- Kva av arbeidslivet sine behov er det utdanningsinstitusjonane skal svare på?
- Samarbeid mellom høgskole- og universitetssektoren og arbeidsliv bør bli betre. Korleis kan ein få til dette?
- Behov for arenaer for utveksling av informasjon for utdanningssektoren og arbeidslivet.
- Behov for meir systematisk utveksling av lærekrefter og personell mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar
- Praksisdel i mange utdanningar- utfording å få til praksisplassar i arbeidslivet som er godt tilrettelagt for studentane
- Y-vegen må vidareutviklast, betre koplingar mellom yrkesfag og høgare utdanning
- Offentleg sektor må oppmuntrast til å etterspørje kompetanse
- Viktig med gode basisutdanningar og meir spesialiserte og fleksible etter- og vidareutdanningar. Viktig å ha kommunikasjon om dette.
- Viktig å sjå på utdanning i eit langsigktig perspektiv for den einskilde.

Plantema 3 Utdannings- og yrkesval

- Er overskrifta riktig? Kanskje det er meir spørsmål om å påverke dei unge?
- Rådgivingstenesta og karriererettleiling – kva handlingsrom har den til å påverke dei unge?
- For lite og for dårlig rådgiving/rettleiling er eit problem.
- Rådgiving/karriererettleiling og gi kunnskap om ulike utdanningar og arbeidsliv til dei unge, er viktig.
- Viktig med meir samarbeid mellom utdanningsnivåa og ulike aktørar for å gi betre informasjon og kunnskap til dei unge om utdanningar og arbeidsliv
- Ikkje mangel på informasjon om utdanningar, det som manglar er kunnskap om det arbeidslivet dei skal inn i.
- Omval må bli mindre problematisk. Bør sjåast som del av omstilling og mobilitet. Må utvikle betre struktur og rådgiving for omval.

4. Framdriftsplan

Neste møte blei avtalt til **7.april. kl. 9-12.**

Sekretariatet arbeider vidare med utkast til planprogram med bakgrunn i dei innspela som kom på møtet. Utkastet vil bli sendt ut i forkant av neste møte.

5. Eventuelt

Ingen saker